

SPAR Uskedalen er med på levering av juleposar til dei som treng det.

21.12.2020



Fem butikkar er med på levering av juleposar. Oppe til venstre: SPAR Uskedalen v/ Gunn Mari Moberg. Vedsekker og gåvekort er også på gâvelista.

**I regi av Frivillingsentralen er det pakka og klargjort 400 gåver til dei som treng noko ekstra i jula. SPAR Uskedalen er ein av fem butikkar som har oppdraget med levering. Dei andre er: SPAR Valen, SPAR Husnes, Joker Eidsvik og Bunnpris på Seimsfoss. Leveringa gjeld ferdige posar med julemat og julegodt. I tillegg vert det levert ut ved og gåvekort.**

Dagleg leiar på Frivillingsentralen Veronica Thoresen fortel til Uskedalen.no at bakgrunnen for julegåva er ei løyving frå SpareBank 1 stiftinga, Kvinnherad, på kr. 105.000,-. Fem butikkar i kommunen fekk oppdraget med pakking og levering. SPAR Uskedalen er som sagt ein av desse.

Dei som treng noko ekstra til jul medler seg til Frivillingsentralen. Noko vert også distribuert via NAV og tenester for rus og psykiatri.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Frivillingsentralen